

Internasjonal datapris tildelt Radøy-verksemd

Dynaplan på Radøy kan gleda seg over tildelinga av prisen «People Analytic 2016» i London.

Av Hans Egil Storheim
hans.egil@strilen.no

– Det er klart dette er oppmuntrande og noko me vil bruka i marknadsføringa av produkta våre, seier gründer og dagleg leiar Magne Myrtevit til Strilen.

Prisen vart utdelt i London, under ein av Europas største konferansar for analytiske data-verkøy. Der deltok meir enn 300 delegatar frå 30 land og 200 ulike selskap.

Satsar på store firma

Ved tildelinga til Dynaplan la juryen vekt på at deira løysingar skårar høgt på å skapa positiv utvikling for kundane.

Dynaplan sin kompetanse går på å avansert modellering av framtida. Kundane selskapet på Manger rettar seg mot, er store europeiske selskap.

Dei største kundane er i Sveits og Tyskland. Europa utgjør kring 90 prosent av marknaden.

Ein nøgd dagleg leiar kan gleda seg over at store aktørar som både Deutsche Bahn og BMW er blant brukarane av Dynaplan si programvare.

Satsar på kvalitet

– Det er større behov for våre

program i krisetider, peika Myrtevit på i ein omtale knytt opp mot av Næringsbarometeret tilbake i 2013.

Firmaet tel ni tilsette, som første og fremst rettar sine program mot store konsern fordi det er dei som har størst nytte av slike avanserte modelleringsverktøy.

Dessutan treng kvar enkelt kunde mykje eksperthjelp.

– Nøgde kundar er den einaste marknadsføringa vår, så me er ekstra opptekne av å levera høg kvalitet. Det vert vår måte å sikra oss på, seier Myrtevit.

Treng gode folk

Ei spennande side av Dynaplan si drift er korleis valutakursane utviklar seg. Selskapet har mest alle sine inntekter i euro, mens utgiftene er i norske kroner og sveitsiske franc.

– Dynaplan merkar lite til prispallet i oljesektoren, men også andre bransjar har stort fokus på å kutta kostnader. Ordrebøkene for 2016 er fulle, men det betyr ikkje at me kan kvila på laurbæra. Me konkurrerer i ein internasjonal marknad, og driv eit omfattande arbeid for å forbetra og effektivisera løysingane våre, og gjera dei tilgjengelege også for små og mellomstore bedrifter.

– Sidan den spede starten for snart 15 år sidan, har me lukkast med å trekkja til oss svært gode og stabile medarbeidarar. Dette er den viktigaste faktoren for å lukkast også i framtida med teknologi og tenester for strategisk planlegging.



PRIS: Executive partner Kai Berendes med prisen som Dynaplan fekk i London.

Foto: Andreas Grieger



FLEIRE LEIGETAKARAR: I dag huser Reikeråsbygget mellom anna Hagia/Reigstad Maskinsenter, Motorsenteret og Matkroken Knarvik.

Til sals for 34 millionar

KNARVIK: Tomta er i Knarvik-planen frå 2015 tenkt brukt til bustader.

Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

Adressene Kvassnesvegen 2 og Kvassnesvegen 4 er lagt ut for sal, gjennom sal av eit aksjeselskap for kvar adresse. For prisantydninga 34 millionar får ein kring 6,8 mål tomt i alt, av dette skal 1,3 mål avståast til veg og gangveg med meir, slik at det kan byggast på 5,5 mål.

I dag huser Reikeråsbygget mellom anna Hagia/Reigstad Maskinsenter, Motorsenteret og Matkroken Knarvik. Mellom eigarane til eigedommen finn ein mellom anna Sagstad Eiendom AS, Reikerås Elektro AS og Ore Holding AS.

Western Geco

Er du på jakt etter tomteareal i Knarvik, er det elles framleis mogleg å kjøpa Schlumberger sine lokale midt i regionsenteret. For 100 millionar kan du få lokale på i alt 11.830 kvadratmeter, og ei tomt på 21,5 mål.

Bygget har husa ulik produksjon, men er nok mest kjent som «Western Geco», der det vart laga seismikkablar fram til denne produksjonen vart flytta til Malaysia.

Skal verta bustad

Knarvikplanen har same avgrensingar for Geco-tomta som for Reikeråsbygget. Eigarane må ikkje endra bruken av arealet i dag, dagens drift kan halda fram. Men skal det byggast noko eller gjerast endringar, så skal det byggast bustader, med parkering under bakken og annan infrastruktur.

Tomt gjekk for 2 mill.

Ein av tre strandtomter til vel 2 millionar kroner i Isdalstø er så langt selde.

Av Hans Egil Storheim
hans.egil@strilen.no

– Den eine tomta gjekk kort etter første visning, for takst, som er 2,3 millionar kroner, opplyser dagleg leiar Håkon Reigstad.

Etter ny visning på søndag var dei to attståande tomtene framleis ledige måndag føremiddag.

Tomtene ligg på Alverneset kort frå sjølv Isdalstø.

Prisa av takstmann

– Eit par var på visning no på søndag, etter at me hadde tre aktuelle kjøparar på første visning, seier Reigstad.

Når det gjeld prisantydningane på i overkant av to millionar per tomt, peikar Reigstad på at det er lokal takstmann som har

gjort den vurderinga, ikkje firmaet sjølv.

– Sjølv meiner me at dette prisnivået kan forsvarast ut frå både plasseringa tomtene har ved sjøen, og at strandsona fritt kan brukast til bading, fiske og utsetjinga av kano eller kajakk. Dei som kjøper, kan og låna båt frå nye Garveriet og sikra seg båt plass i flytebrygge i området, seier Håkon Reigstad.

Han opplever også at nokre av dei som har meldt si interesse, synest det er greitt at det er få bustader i området. Det er med på å gje området eit eksklusivt preg.

Mest leilegheit

Dei to ledige tomtene er prisa til 2,1 millionar og 2,650. På sistnemnde er også med eksisterande garasje på 85 kvadrat med loftsrom. Tomta er totalt på 880 kvadrat.

Den minste tomte er på 730 kvadratmeter



UTSIKT OG STRANDTILGANG: Dei aktuelle tomtene til Reigstad Bygg og Eigedom har både sjøutsikt og tilgang til strandsona.

Foto: Reigstad Bygg og Eigedom

Reigstad Bygg og Eigdom driv lite med slikt sal av tomter.

– Hovudaktiviteten er bygging og sal av leilegheit, normalt seks til 15 per år. Aktiviteten i marknaden er for tida bra. Det me merkar er at salet går greitt så

lenge me har gode objekt å tilby, seier Håkon Reigstad.

Dei som kjøper tomtene på Alverneset, kan byggja kva bustad dei ønskjer. Det er ikkje noko krav at dei brukar Reigstad som leverandør.